

Referat frå foreldrerådsmøte 15. september 2015 Myking Skule

Oppmøte foreldre: 10 stk

Orientering av Rektor Nils Kvalvågnes

Orientering om personalet

Orientering om lærarane som jobbar ved skulen, og endringar i personalgruppa dette året.

Orientering om skulens aktivitetskalender:

Villmarkstur: 5-7 klasse har allerede vore på Villmarkstur saman med Skodvin Montessorri skule, dette er eit kjekt samarbeid som skulen vil fortsetje med.

Turdag: Skulen har hatt ein felles turdag der borna gjekk på fjelltur.

Prosjektveke: Det neste på aktivitetskalenderen er prosjektveke der borna skal lære om Olav den Heilage, og dei skal besøke Vikinggarden på Seim.

Juleskule: Kvar desember har borna juleskule, med tema og tradisjoner. Resultatet av dette blir vist på juleavslutninga for foreldre den 17.12 kl 18.00. NB; minner om at denne avslutninga gjeld for foreldre, dersom besteforeldre og andre vil sjå forestillinga kan dei sjå den på dagtid.

Vinterferie og påskeferie er slått saman i år. SFO på Lindås kan nyttast om behov.

Svømmeopplæring: Svømmeopplæringa startar første mandag etter haustferien for første til fjerde klasse.

Skulen har mange fleire aktiviter, dette ligg på skulens aktivitetskalender: www.mykingaskule.no

Orientering om andre tema:

Leksehjelp: Det er leksehjelp for 5-7. klasse

Mat: Hugs at borna treng variert og sunn kost. Melk kan bestillast.

Buss: Skulens ordensreglar gjeld og på bussen. Born som ikkje tar på seg sele på bussen, eller ikkje følgjer skulens ordensreglar kan risikera å ikkje få sitje på med bussen. Foreldra må då sjølve kjøre borna. Gje beskjed til lærar om noko skjer på bussen.

Skulens ordensreglar ligg på heimesida.

TV, internett og mobil: Det anbefalast ikkje at borna har tv og internett på romma sine heime, då dei i denne alderen treng tilsyn. Mobilen skal vere avslått på skulen og bussen.

Oppfordrer foreldra til å prata med borna om nettreglar, td nettmobbing.

Hygiene: Born skal ikkje ha svømming om dei har sår, då det er fare for infeksjon. Fortsett å sjekk borna for lus kvar fredag, for å unngå ein epedemi. Det har ikkje vore tilfeller av lus sidan 2010.

Snakk med borna om h ndhygiene.

Regelverk: På sida www.udir.no/regelverk finn ein regelverk som ivaretar bornas interesse. Her ligg t.d skjema for å klage på tiltak mot mobbing.

Skuleskyss/Elevpermisjon: På sida www.lindas.kommune.no under "oppvekst og opplæring" ligg søkand om skuleskyss og søknad om elevpermisjon.

Dersom borna skal ha fri frå 3- 11 dagar må dette skjemaet nyttast. SMS er ikkje tilstrekkeleg.

Born som i utgangpunktet ikkje har rett på skuleskyss kan ha rett dersom vegen er farleg.

Medisinering: Dersom borna tar medisin på skulen må skulen ha dette skriftleg.

Orientering om FAU og FAU sitt arbeid

- Arbeider for eit godt skulemiljø
- Tar initiativ til sosiale aktiviteter for elever
- Informere og høyre alle foreldre om aktuelle saker
- Arrangerer samlinger for foreldre og lærarar.
- Samarbeider med elevrådet, SU, SMU, KFU, rektor og lærarar
- Skaper kontakt mellom skulen og lokalsamfunnet

Frå www.fug.no

Rektor anbefaler denne sida for foreldre, klassekontakter og FAU.

Referent Miriam Vabø